

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 21.06.2018

Benthe Bondhus, Sp, og Sigbjørn Framnes, Frp, stilte spørsmål om dei var inhabile. Bondhus og Framnes gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om dei var inhabile. Fylkesutvalet vedtok samrøystes at Sigbjørn Framnes ikkje var inhabil. Fylkesutvalet vedtok samrøystes at Benthe Bondhus var inhabil, jf. forvaltningslova § 6, 2. ledd.

Sigbjørn Framnes tiltredde saksbehandlinga.

Benthe Bondhus gjekk frå under behandlinga av saka. Det var 14 representantar til stades.

Tom Sverre Tomren, MDG, sette fram slik protokollmerknad på vegne av MDG:

«MDG er imot utbygging av OPO og velger å markere dette med å stemme mot frafall av forskjøpsrett da denne kan brukes til å avstå fra utbygging.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart vedteke mot 1 røyst (MDG).

Vedtak

Hordaland fylkeskommune nyttar ikkje forkjøpsretten til Opo flaumtunnel og kraftverk i Odda kommune.

Protokollmerknad frå MDG

MDG er imot utbygging av OPO og velger å markere dette med å stemme mot frafall av forskjøpsrett da denne kan brukes til å avstå fra utbygging.